



Espen Tvedt
Breivika 5
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3758 - 19/12056

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.04.2019

Stadfestar mottatt klage på vedtak om dispensasjon og frådelling av grunneigedom datert 27.03.19 - gbnr 25/2 Tvedt nedre

Tiltak: deling av grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 25/2 Reikeråsvegen 138
Tiltakshavar: Herleif Kåre Tvedt
Ansvarleg søkjar: Espen Tvedt

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 11.04.19.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav c. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen skal handsamast av Plan- og miljøutvalet. Handsaminga kan føre til at vedtaket vert endra av utvalet, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på.

Handsaminga i Plan- og miljøutvalet kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vert Plan- og miljøutvalet sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland ved settesfylkesmann for endeleg avgjerd.

Møtet i Plan- og miljøutvalet vert halde i Nordhordlandshallen og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside

Det vert sendt ut eige brev om informasjon om handsaming i Plan- og miljøutvalet.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I motteke klage er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak datert 27.03.19. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.



Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje uopretteleg skade eller tap for partane.

Saka gjeld dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel og løyve til frådelling av ny grunneigedom. Det er bedt om utsett iverksetting i saka fram til klagesaka er endeleg avgjort. Det vil vere til ugunst for partane at kartforretning er gjennomført før klagen er endelig handsama.

Etter ei førebels vurdering av klagen er det kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saken.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Herleif Kåre Tvedt

Reikeråsvegen 140 5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Espen Tvedt

Breivika 5 5993

OSTEREIDET

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2 6863

LEIKANGER